



# Sirdal kommune

Sinnes skule

## REFERAT FAU-MØTE 02.10.23

Til stades: Stian Hiim, Hilde Marie Almås, Almut Becker, Ingeborg Selma Kvæven, Lena Bøgwald, Karine Tjørhom Myhra, Solveig Marie Ådneram, Tore Inge Tjørhom, Kim Erika Holmgren (t.o.m. sak 2) og Åse-Berit Fidjeland

### Sak 1/23 H: Kort og FAU og rådet sin funksjon

Rektor gjekk kort gjennom klassekontaktrolla, kva FAU er og rådet sin funksjon, sjå vedlegg 1.

### Sak 2/23 H: Informasjon om saker skuleåret 2022/2023 og arbeid vidare

Kim Erika Holmgren gjekk gjennom kva saker FAU arbeidde med skuleåret 2022/2023:

- fartsdumpar, og nå kjem det to forbi skulen
- trafikktryggleiksplan som varer fram til 2024
- asfalt i staden for singel rundt sandvolleyballbanen
- leikeapparat
- gjerde v/busstopp, som no er fiksa
- lokal trivselsundersøking; svarprosenten kunne vore betre, og FAU trur at foreldra ikkje gidd svara om det ikkje skjer noko i etterkant
- helsesjukepleiar oftare på skulen; dei er to, Lena Knutsen og Monica Liland Gabrielsen som er her kvar torsdag med kjernetid 12.00-14.00. FAU lurar på om dei har presentert seg i klassane
- felles foreldremøte – kven har ansvar? Rektor har oppfatta at kommunalsjefen har tatt det ansvaret – kor ofte, kanskje annakvart år skule og barnehage. (Kommentar i ettertid: Det skal vera felles foreldremøte kvart år.)

### Sak 3/23 H: Konstituering av FAU med val av leiar, nestleiar og sekretær

**Leiar:** Stian Hiim  
**Nestleiar:** Hilde Marie Almås  
**Skrivar:** Ingeborg Selma Kvæven

### Sak 4/23 H: Val av to representantar til SU og tre til SMU

Samarbeidsutval (SU): Stian Hiim og Hilde Marie Almås  
Skulemiljøutval (SMU): Stian Hiim, Hilde Marie Almås og Karine Tjørhom Myhra

### Sak 5/23 H: Kort om ulike planar:

- Alle hadde lese gjennom [Ordensreglar](#) og [Plan for elevane sitt skulemiljø](#) på førehand.
- Rektor presiserte kor viktig det er å bruka Visma flyt skule til søknad og tilstadevære på SFO og å søkja om fråvær. Det er mogleg å søkja om å få avskrive opptil ti (10) dagar til organisasjonsarbeid, idrettskonkurransar og religiøse høgtider.

- c) I år skal alle partar vera med på Udir sine brukarundersøkingar, Elevundersøkinga, Foreldreundersøkinga og Lærarundersøkinga, samt den lokale trivselsundersøkinga. SMU bestemte førre år at det skal vera to lokale trivselsundersøkingar, ein haust og ein vår, for å sjå om tiltak som ev. er sette i gang, har effekt.

Elevundersøkinga blir gjennomført på skulen, og der har me funne ut at ein del omgrep må snakkast om, medan den lokale skal gjennomførast i eit samarbeid elev- foreldre. Her er det viktig at foreldra samtalar med ungen sin, i alle fall frå 1.-7. klasse. Ungdomsskuleelevane kan velja om dei vil svara åleine eller med foreldra. FAU oppfordrar skulen til å minna om undersøkinga på vekeplanen eller i Visma, gjera det tydeleg at det er to ulike undersøkingar om hausten, og at den lokale kjem to gonger. Dei oppmodar òg til å laga ein konkurranse ut av det med ein symbolsk premie (til elevane) for å få opp deltakinga.

- d) Det skal utarbeidast ny "Plan for kvalitetsutvikling" ut frå revidert Sirdalsskulen – må og strategiar, og representantane syntest det kunne vera spanande å vera med på, så dei vil gjerne bli inviterte.
- e) [Korleis FAU kan ta del i arbeidet med skulemiljøet](#) vart utsett til neste FAU-møte.

**Sak 6/23 H:** Anna

- a) Uteområdet og investeringar  
Her bør det vera ein heilskap. Det kom forslag om å få att nettet rundt grusbanen, både for at ikkje ballen skulle hamna på vegen og skada parkerte bilar, og at det bør lagast til ei droppsone borte ved gjerdet mot naboane.
- b) Rektor hadde fått spørsmål om FAU burde inviterast på møte om rus og kriminalitet på Tonstad, eller om eit anna tema var aktuelt, og FAU takka ja til det første. (Det viste seg at det stort sett gjaldt Tonstad, så det blei ikkje noko av.)
- c) Diskusjon om fire- eller femdagars skuleveke vart lufta, der rektor viste til rapport frå 2019, vedlegg 1. Så langt ho veit, blei det ikkje gjort noko meir med dette.
- d) Det blei spurt om det er mogleg å endra start på skuledagen for elevane, slik at dei kunne ha starta på same tid som Tonstad, for å få meir ut av dagen/ ettermiddagen. Rektor viste til at det er sagt at skulebussen går frå Gyland til Tonstad og så til Sinnes, slik at skulestart på Tonstad skule påverkar skulestarten på Sinnes.

Åse-Berit Fidjeland  
Rektor

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

---

Postadresse:  
Rådhuset, Tonstadveien 28  
4440 Tonstad

Besøksadresse:  
Sinnes skule, Sirdalsvegen  
7352, 4443 Tjørhom

Telefon: 38 37 90 00  
Telefaks: 38 37 03 30  
28014608062  
Bank kto.:

Internett: [www.sirdal.kommune.no](http://www.sirdal.kommune.no)  
E-post: [post@sirdal.kommune.no](mailto:post@sirdal.kommune.no)  
Org.nr.: 964964165